

Øystre Slidre kommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:
ROGAST - 17/1278

Arkiv:
033, &17

Vår dato:
20.02.2017

Protokoll frå møte i eldrerådet den 07.02.17 kl 10.00 - 12.00

Til stades: Torleiv Sigurd Hovi, Gunnar Berg, Solveig Rydland, Marit Synnøve Opheim Østli

Andre: Astrid Rogne (sekretær), Øivind Langseth i sak 4.

Ikkje møtt: Edgar Linn

Sak 1/17 **Godkjenning av innkalling og sakliste** **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent med to tillegg under orienteringar og ei tilleggssak. Orienteringar: Brev frå N.A. eldreråd om felles eldrerådsmøte 12.06.17 og Trafikkurs for 65+ på Fagernes den 2. og 3. mars. Tilleggssak: Uttale om Vinda kraftverk.

Sak 2/17 **Godkjenning og underskrift av protokoll frå 01.11.16** **Vedtak:**

Protokollen vart einstemmig godkjent. Marit Synnøve og Solveig vart valde til å underskrive protokollen.

Sak 3/17 **Uttale om utbygging av Vinda kraftverk** **Vedtak:**

Fylgjande uttale sendast til kommunestyrerepresentantane til møte den 16.02.17: (uttale er vedlagt protokollen)

«Då det er fleire populære turstigar langs Vinda er det viktig at naturopplevingane ikkje må bli forringa dersom planane om ei utbygging blir realisert»

Sak 4/17 Aktivitetsplan for 2017

Vedtak:

Framlegget i innkallinga vart einstemmig godkjent. I tillegg vart det godkjent eit tilleggspunkt: Å følge opp kommunedelplanen for helse og omsorg.

Sak 5/17 Orienteringar

- Solveig orienterte om kollektivruter
- Torleiv Sigurd om felles eldrerådsmøte for Valdres.
- Øivind Langseth orienterte om planlagt omsorgstun. Sjå vedlegg.
- Møtedato den 03.04.17 blir flytta til 28.03.17.

Vedtak:

Alle orienteringssakene vart tekne til etterretning.

Til neste møte:

Invitere Kari Onstad (om den kulturelle spaserstokken). Solveig skriv saksframlegg om info på heimesida. Invitere Steinar eller Gina (om helse og omsorg/omsorgstun).

Dato:

.....

Til Øystre Slidre kommune

Utbygging av Vinda kraftverk - uttale frå Eldrerådet

Eldrerådet vedtok fylgjande uttale på møte den 07.02.17:

«Då det er fleire populære turstigar langs Vinda er det viktig at naturopplevingane ikkje må bli forringa dersom planane om ei utbygging blir realisert»

07.02.17

Torleiv Sigurd Hovi/sign
Leiar